Ivar Aasens minne

Mikkel Dobloug er ikkje den første, og garantert ikkje den siste, som prøver å bruke eit sitat av «en av bautaene i norsk språkhistorie», sjølvaste Ivar Aasen, mot stillinga til sidemålet (= nynorsk) i skolen. Men sidemålsmotstandarane bør ikkje få lov til å forvalte Ivar Aasens minne på den måten.

Dobloug siterer i GD 24.september setninga til Aasen: «Denne nye sprogform skulde dog aldeles ikke paabydes og paanødes; man skulde oppmuntre til dens Brug, men ellers lade Enhver bruge det Nye eller Gamle efter eget Godtbefindende.» Sjølv om Dobloug faktisk nemner årstalet då dette blei skrive, nemleg 1836, blir sitatet i neste omgang teke ut av samanhengen og brukt på dagens situasjon. Dette blir som å ta éi isolert setning ut av bibelen og bruke den overalt der den måtte passe, og påstå det er Guds ord, og at den gjeld til evig tid.

Når Dobloug i neste omgang skriv «For Aasen var ikke tvang noe alternativ i sidemålbruken», er dette så ahistorisk som det går an. Det fanst ikkje bokmål og nynorsk i 1836, og det fanst ikkje norsk hovudmål og norsk sidemål. Det fanst ikkje noko norsk skriftspråk i det heile utanom det som eventuelt blei skrive på dialekt i uformell samanheng.

Ivar Aasen, med den velfortente statusen som ein av bautane i norsk språkhistorie, ønskte å lage eit norsk skriftspråk, og han håpa at det norske folk vil velje å ta det i bruk i staden for å skrive på språket til danskane, som hadde styrt i Noreg og påverka norsk språk i fleire hundre år. I 1830-åra var det mange som var interesserte i å komme fram til eit norsk skriftspråk. Wergeland var ein av dei viktigaste, og ein annan «bauta» i norsk språkhistorie var Knud Knudsen, som på mange måtar er bokmålets far. Men av ein eller annan grunn vel nynorskmotstandarane ikkje å bruke sitat frå han. Knudsen skreiv t.d.: «Det ene Parti søger at skabe norsk Sprog og Litteratur paa én Gang, det andet udsondrer efterhaanden, Stykke for Stykke, det spesielt Danske af Fællessproget saa længe, til de fremmede Elementer i dette er fjernede og indenlandske optagne i Stedet. Derfor bør begge Partiers Bestræbelser kun bekjæmpe det Fremmede, den fælles Fjende, og ikke hinanden indbyrdes.»

I den grad ein skal bruke desse bautaene i norsk språkhistorie som profetar og forvaltarar av ei eller anna evig «sanning», bør ein lære litt av kor audmjuke dei trass alt var. Det burde ikkje vere slik at bokmålsbrukarar heile tida skal kjempe imot nynorskbrukarar. Ikkje andre vegen heller.

I dag, snart to hundre år etter 1814, har vi to offisielle, sidestilte skriftspråk i Noreg, og det er stort sett valfritt å bruke dei for den enkelte. Men for å kunne gjere eit reelt val, må ein også ha den nødvendige kunnskapen. Det er derfor vi sender ungane våre på skolen. Der skal dei lære om alt mogleg rart, som dei kanskje får bruk for seinare i livet, og kanskje ikkje. I dei fleste fag er det prøver og karakterar; det er slik den norske skolen fungerer.

I eit fylke som Oppland, der det trass alt finst mange som har nynorsk som hovudmål, er det direkte fornærmande når politikarar påstår dei snakkar om «sidemålsopplæring», men meiner «nynorsk». Når politikarar gjer sidemålsstilen til ei valkampsak, viser det vel helst at dei ikkje skjønner på kva måte utdanning og reell likestilling på alle nivå i samfunnet faktisk heng saman. Og då meiner eg det er grunn til å vere skeptisk til programmet til slike parti.

Jens Haugan,
førsteamanuensis i norsk
Høgskolen i Hedmark

Stor kunstbegiver

Det er en bragd av staben på Lillehammer Kunstmuseum at de har fått utstillingen med Edvard Munch og Andy Warhol hit til byen.

Det er den beste utstillingen vi har sett på museet noen gang. Det er ikke ofte vi får se så mange bilder av to av de store i verdenskunsten på nært hold. Utstillingen inneholder Munchs arbeider med motiver fra kystlinjen i Åsgårdstrand, og Warhols bruk av Munch i sin grafikk.

Det koster mange penger å få til en slik utstilling. Det er et spleiselag mellom kunstinstitusjoner og det private næringslivet som har gjort det mulig. Vi håper på flere slike spleiselag for å få mer verdenskunst til museet på Lillehammer.

Løp og se!

Camilla Bennin og Bjørn Arne Buer,
Lillehammer

Utan sidemål, inga språkleg likestilling

«Det er faktisk slik at en egen sidemålskarakter kan stå i veien for sidemålsundervisningen,» skriv Mikkel Dobloug i GD 24. september, og vil gå inn for at det ikkje skal vere karakter i sidemålet.

Dette er ein høgst uvanleg påstand. Om det er rett at karakterar hindrar undervisninga, bør vi vel kutte ut karakterane i alle dei andre faga også?

■ I dag er karakterar ei viktig side ved skulen. Å ta bort eksamen/ karakterar i skriftleg sidemål sender eit tydeleg signal til elevar og lærarar om at sidemålet er uviktig. Det er ikkje noko ein treng arbeide med.

Dobloug meiner at i staden for å lære å skrive sidemål skal ein få kjennskap til «de historiske og kulturelle faktorene knyttet til sidemålet» og arbeide med skjønn- og faglitterære tekster.

■ Dette er å slå inn opne dører. Elevane lærer allereie om dei historiske og kulturelle sidene ved både bokmål og nynorsk, for eksempel i emnet språkhistorie. Å lese tekster på begge språkformene er sjølvsagt i norsk skule frå eit tidleg steg. Men lesing og kulturkunnskap kan ikkje kome i staden for den skriftlege bruken.

Ein lærer ikkje eit skriftspråk utan å skrive det. Ein må kjenne reglane, og ein må øve. I dei seinare åra har det vore gjort fleire vellykka forsøk med ny sidemålspedagogikk, bl.a. med å bruke sidemålet i eit fag i tillegg til norsk. Det er ei betre tilnærming enn å nedprioritere emnet og late som om Norge ikkje er eit språkdelt land.

■ Alt i 1885 vart landsmålet likestilt med «vort almindelige Skrift- og Bogsprog», som det står i stortingsvedtaket. Då sidemålsstilen vart innført i 1907, var det for å gjere likestillinga mellom dei norske språka reell. Viss vi ikkje lærer å skrive sidemålet, anten det er bokmål eller nynorsk, kan vi ikkje halde oppe ordninga med to likestilte skriftmål.

Det er nemleg slik at statlege organ og verksemder skal bruke begge språka. I prinsippet skal alle tilsette meistre begge målformene. Dette kan ein ikkje krevje utan at alle har fått opplæring i det. Likestillinga føreset sidemålsopplæring. Om ein ikkje lærer begge målformene, kan det òg bli vanskeleg å flytte mellom arbeidsplassar og kommunar med ulike målformer. Det blir litt rart, Do-

Å lese tekster på begge språkformene er sjølvsagt i norsk skule frå eit tidleg steg.